Karl Søyland (t.v.) og Pål Undheim arbeidde i torvgrova på den store Torvdagen på Undheim i 2009.

Foto: M. Grimstvedt, Jærmuseet.

Torv -Jærens energikjelde nummer ein

HANS TORGNY INDREBØ

Sundag 21. juni 2009 hadde Time kulturminnenemnd med Torstein Tunheim i spissen med seg mange gode krefter og laga den store Torvdagen på garden til Else og Vidar Undheim. Hans Torgny Indrebø fortalde og forklarte om arbeidet til eit publikum på nærare 2000. Den historia var basert på det folk i Time fortel om arbeidet med torv. Me er glade for at Indrebø har laga stoffet til ein artikkel i årboka. Dei fleste illustrasjonane er henta frå Torvdagen i Time.

Det er ikkje sant lenger det P.P. Flor skreiv om Jæren i 1810. ” Hvor dunkelt og skummelt er ikke dette land,” slår han fast. Flor fortel at folk skar torv i myrane til brensel for matlaging, vask og til varme i ”dette stormfulle og råe klima”. Landskapet som møtte Flor var trøysteslaust, bare avbrote av ein og annan gul flekk i nærleiken av låge, torvtekte hus som såg ut som dei var velta opp or grava, gir han uttrykk for. Flor ville hatt store problem med å kjenna seg att om han hadde fått sett Jæren i dag.

Arne Garborg gir og sitt bilete av Jæren i boka Fred. Det ser ikkje ut til at Jæren hadde endra seg særleg frå 1810 til 1892.

Opp frå den låge sandstrand tøyer seg eit armt grått land med lyngbrune bakkar og bleike myrar, oversått med kampestein, trelaust og bert, avstengt mot aust med ein lang låg fjellgard. Endelaus synest den nakne hei. Men her og der blånar ei einsleg tjørn, som ligg og gror att, eller eit stort stilt vatn. Her susar vinden dag og natt. Og gråvêret ligg lågt over vidda, der haren rømer frå stein til stein, og allslags brun og spettut fugl ligg i løynde reir og blinkar og blundar.

Dei lyngbrune bakkane er det ikkje mange att av, og så trelaust og bert er heller ikkje landsdelen vår lenger. Garborg held fram:

Her og der oppetter bakkar og res kryp låge hus i hop i småkrullar som søkjande livd. I den tette lufta hildrar dei seg halvt bort, sveiper seg i torvrøyk og havdis som i ein draum; stengde og stille ligg dei bortetter viddene som tusseheimar. Rundt husa skimtar det fram bleike, grøne flekker av åker og eng som øyar i lyngvidda; kvar bete og kvar lepp er avstengd og innlødd med steingjerde som lange røysar.

I dag er heile Jæren grøn, bare ei og anna lita brun øy med lyng finst att. Myrane finst ikkje lenger, så godt som. For ikkje lenge sidan spurde ein lærar kor han kunne finna ei myr som han kunne visa elevane sine. Det var vanskeleg å finna ei innan rimeleg avstand frå skulen.

Sjølv om det skulle verta kaldt i vêret ein haust- eller vinterkveld, vil ein ikkje lenger kjenna lukt av torvrøyk på kveldsturen. Berre ein og annan torvbeen står att som eit monument over ei tid som var. Ho tok i hovudsak slutt kring 1960, berre ein og annan heldt ut nokre år lenger. Men det finst dei som inviterer til torvskjering for å syna korleis oppsamla solskin i svarte og blaute myra vert berga.

Alexander L. Kielland skreiv også om torvmyr og forandringane sett gjennom ein ramn – ein korp, som er namnet på fuglen på dialekten:

Der var en torvmyr. Gårdene lå omkring på høydene; men på den lave slette – den var visst en mil lang – fantes intet menneskespor; bare et par torvstakker i kanten,



1879 Dato Torvarbeide i 1879.

Juni 14	× Erik Eikeveldland 2 B	18	20	× 15 + ×	20
	× Svend Dito Da 12	16	80	16	80
	+ og Konen Dito 7½	7	50		20
	+ Isabella Skjenkelb 9	9	00	9½	
	+ Sondet Ans m. Rælen ½		50		
1/6 79	Paa torv og Hjort S. Rælen 2 gode Kø			11	
	+ Nikkel Vallestad Da 11	11	40	11	40
	+ og Konen Dito 11	11	00		
	+ Gudes Haaland 10½	10	74	16	74
	~~Ingen Skjemdet~~				
	× Svend Øyslebø 6	8	40		
	× Berte S. Dito 5	5	00		
	Nils L. Haland 9	12	60	12	60
	+ Gjertov Haaland 1½	1	80	7	45
	+ Mikal Haaland 2½	3	40		40
	+ og Konen dito 2½	2	75	2	75
9/6 00 Hjort 2½	Rasmus Haaland 4	5	60	5	60
	Joakim Dito 6	8	40	8	40
	Isabel Dito 6	6	00	6	00
Tomt i × 14 457.93 2.82	× Gyde Skemmene 8	8	00	8	00
	+ Mikal Haaland Kno				
459.93	× Ane Reining og Reigning	1	00	1	00
	~~gjeldende [illegible]~~				
		155	09		

1879 Dato Torvarbeide.

		155	09		
14	+ Peter L. Steinsvold 10½	15	05		
	+ Anne Dito 10½	10	15		
	+ Maria Dito 7½	7	50		
August	+ P. Steinsvold Elgen 2½	3	50		
	+ Ane Pitt Reiners 5½	3	50		
	× Maria Pitt 9½	9	50		
	× Martes Pitt 3	3			
	+ P. Steinsvold Hjort i Torv Ledige	14	25	17	25
1/10	Præmiet til gode Kø 8.31				
	Mor Skaal 4½ Dage Kø 9				
	Bratt Skemmen Kø 5.00	5			
	× Tomme Svine 2½ Dag	2	75	1	00
	× Torvrøgning E. Rælen 2 Dg		60		60
Juli 23	× Mikal Skemmen og Kon				
	× Torvrøgning 6 Dage	6	60	6	60
	+ Tolak Haaland 2½	3	80	3	80
	Lisabet Wikeen 5½ Dg	5	77	5	77
Skyt	Mikal Skemmen & Wikeen Jul Kø Bø 9.00 kt	249	66		

Liste frå Opstad teglverk over torvkjøring i 1879

Privatarkiv i Jærmuseet.

sorte tuer og blinkende vannpytter innimellom. Her var omtrent som i gamle dager – øde og stille. Hist og her, hvor bunnen var tørrere, grodde det litt kort lyng og enkelte sivdotter. Myrfiblene var avblomstret; men på de hvite strå hang ennu en og annen dusk – sort og sammenkladdet av høstregnet; ellers var det fin, mørk, muldret jord – våt og full av vannpytter; - grå forvridde trerøtter stakk frem, flettet inn i hinannen som et knudret nett.

Så såg ramnen at det kom folk til myra og dei tok til med å dyrka:

- , og mennene tok fatt med spader og økser. Ravnen kunne se at de kavet med en svær trerot, som de ville ha løs - de hugget med øksene – det var de skarpeste ravnen hadde sett – grov og slet, til slutt fikk de virkelig den svære stammen på siden, så hele det sterke rotnettet stod bent opp i luften.

Heller ikke ute i myren var det lenger fred for det gamle.

Jæren skulle dyrkast. Kielland var ikkje bare glad for det, ser det ut til.

Kong Oscar II tykte ikkje særleg om bruk av torv som brensel. Han sa: Du arme Norge som må brenne jord.

I hundrevis av år var torv energikjelde nummer ein på Jæren – og ikkje bare her, men på heile kysten av Vestlandet , ja heilt nord til Finnmark. Jæren hadde vore skogbar i hundrevis av år. Det fanst knapt eit einaste tre. Til oppvarming var det torv frå myrane folk hadde å hjelpa seg med.

Myr har vorte til på ulike måtar. Kva slag torv me har med å gjera i dei ulike myrane får biologar og andre fagfolk ta seg av. Fagfolk har skrive mykje om myr og torv. Me noterer at ei myr legg på seg med kring fem centimeter på eitt hundreår. Indikasjonar på myrslaget og torvet i myra får me av vegetasjonen som veks i myra. Det som først og fremst har vore målet med dette skrivet har vore å dokumentera sjølve prosessen med å skjera torv til brenne, reiskapane som vart brukte, og kanskje få eit innblikk i dagleglivet til dei som var i myra for å skaffa seg solenergi som kunne frigjerast i kontrollerte former i kjøkken og stove.

Tilgjengeleg litteratur fortel lite om ord og uttrykk, reiskap, produksjonsprosess og livet knytta rundt torvonna. Torvonna kunne vara frå nokre få dagar til ei vekes tid og meir, etter våronna og før slåtten tok til. Torvmengda var mykje avhengig av kor stort hushaldet var på heimebruket. Det er nemnt at 60-70 lass torv måtte til for å koma gjennom året med brenne. Eit lass torv kan vera så ymse, små kjerrer utan torvgrind og store langkjerrer (høykjerrer) med torvgrind. Kvar brukar visste av erfaring kor mykje som trongst til eige hushald og kor mykje han måtte

stilla med til skulen sin torvskut. Bedehuset - forsamlingshuset – var også avhengig av at brukarane stilte opp med eit torvlass eller to for vinteren.

Kva det hadde å seia for gardsbruket sin totale økonomi at ein tok ut torv til eige hushald, og kanskje noko til sal til til dømes teglverk og møller i distriktet, er vanskeleg å ha ei sikker meining om. Det var teglverk på Åsland i Time, teglverk i Varhaug og på Hølland i Ogna. I tillegg var det fleire møller, mellom anna på Orstad, Fotland, Nesheim, Lode, Varhaug, Hølland, og så kom alle gardskvernane i tillegg der turkepanna for kornet skulle ha varme.

Totalt gjekk det med ei god vekes tid med heile hushaldet i arbeid i myra, dvs tilsvarande måtte ein mann arbeida i to månader for å få same resultat. Attåt må ein ta med bruk av hest og kjørereiskap og arbeidet med å laga ulike reiskapar, sjølv om dei varde i fleire år.

Bruksområde

Torv til brensel har yngre menneske - personar under 50 år - knapt høyrt om og langt mindre vore med på å henta ut or myrane til varme i omnen i stova, til matlaging og kledevask. Torunn Tunheim fortel at ho var med i myra siste gong i 1961.

Det var om å gjera å få inn nok tørt og godt torv kvar haust. Med vårt vestlandsvêr kunne det røyna på av og til å berga heim tørt torv frå myra. Med dei jernskodde og smale trehjula på kjerrene vart det somme år for blautt til å leggja utpå. Hjula skar seg

Albert Bjørkenes spreier mitting på åkeren sin på Skadberg i Sola kring 1950.

Foto: Ukjend fotograf. Jærmuseet

nedi. Då var det betre å bruka slede. Det hende i verste våt-åra at torvet måtte berast heim i sekker og kiper. Vel heime måtte torvet inn i tørkehuset ved kverna og tørkast på hella, vert det fortalt. Det gjekk med ein sekk torv for å tørka to sekker med blautt torv.

I Noreg er det nå slutt på den hardhendte utbytinga av torv frå myrane. Det som er att av myrar på Jæren, vert tilgrodd av gras, selje, raun, vierkratt, pors og lyng, og ei og anna bjørk har funne seg ein plett. Grøfter og kanalar fører vatnet ut or myra og tørkar henne ut. Dei fleste myrane ber i dag voksterleg eng.

Torv vart brukt til mykje. Før det vart vanleg med pannetak av tegl på 1800-talet, var torvtak det vanlege både på heimehus og uthus.

På 1800-talet vart det innført og brukt chilesalpeter til bruk i landbruket. Henting av chilesalpeter var ein fraktfart som norske seglskip var sterkt engasjerte i fram til Sam Eyde og Norsk Hydro sette i gang med industriell produksjon av salpeter rett etter 1900.

Bøndene var godt kjende med at både land og kumøkk hadde god verknad på plantevoksteren. I fjoset vart kupisset tørka opp med å strø torvmold og torvmø i skitrenna. Øvste formolda torvlaget i myra - torvmold og myrmold - vart kjørd på mittinga. Mittinga var ei blanding av gjødsel frå dungen utanfor fjoset, tare på sjøbruka, torvmold, fiskeslo og slakteavfall.

Torv vart også brukt til byggematerial i vegger. Torv eller torvstrø utgjer det meste av innhaldet i ein sekk med plantejord til hagebruk.

Torv til brensel

Torv var først og fremst energikjelda som skaffa varme i stova, men kanskje vel så viktig var varme på grua til matlaging. På Jæren fanst det ikkje skog i det heile til kring 1850 då dei første forsøka med plantingar vart gjorde. Dei som prøvde seg med plantingar, vart helst ledde av. Det voks ikkje skog på Jæren, var omkvedet. Då det ikkje var trevyrke til grua, måtte det nyttast torv. Grua var glupsk på torv. Mykje energi gjekk tapt i skorsteinen. Ved- og torvkomfyr var mykje mindre krevjande. Sjølv om dei i seg sjølve var eit utlegg, så var ein konsekvens at det vart mindre arbeid med myrarbeidet og det trongst mindre torv.

Ei historie

Det var i overgangen frå parafin på lampen og torv i omnen til elektrisitet. Husfrua hadde høyrt at det var vasskrafta i fossane som vart omgjort til energi som kunne gje lys og varme. Elektrikaren hadde vore i arbeid i huset og lagt opp leidningar til lys. Lyspæra var komen på plass. Det var bare å skru på brytaren, meinte elektrikaren og ba kona gjera det. Ho på si side var skeptisk og ville ha svar på fylgjande: Du, viss det går hol på den der bløra i taket, kjem heile fossen ned i stovå mi då?

Mor sto på

Kvinnene, først og fremst husmora på garden, var mest interessert i at mannfolka kom seg av garde til torvbeen tidleg om våren for å spenna av øvste laget der røsslyng, pors, mikkelsbærlyng og kanskje nokre grastustar hadde funne grobotn. Å spenna av vil seia å ta bort øvste laget der ein etla seg til å skjera torv. Øvste laget var omgjort og nedbrote til mold av lufta og med god hjelp av vegetasjonen.

Det var kona på garden som hadde ansvaret for matstellet. Utan torv til komfyren eller grua på kjøkkenet, vart det smått med varm mat. Det var og kona som hadde ansvaret for at det var torv i torvkassen og varme i omnen i stova. Spedbarna skulle ikkje frysa. Bleier, løyertar og anna barnety skulle tørkast. Det er nå ein gong slik at det ikkje alle dagar er kledetørk på Jæren. Og skulle brunngryta med vatn varmast opp for kledevask for barneflokken, for henne sjølv, mannen, kårfolk og tenestefolk, så trongst det brensel til det også. Men når den store takka eller bakstehella skulle varmast for flatbrødsteiking, var lyng, tråsaved og dårleg torv – gjerne mosetorv - det beste til å halda passeleg jamn, svak varme, slik at ikkje lefsene vart brende.

Det var den mørke massen under det øvste formolda laget som skulle tas ut til brensel og tørkast gjennom sommaren. Men årsaka til at ein spende av øvste laget tidleg om våren, var først og fremst for å få bort det isolerande øvste laget. Myra trong lang tid før klakjen gjekk ut. Dersom vinteren hadde vore streng og tela gjekk djupt ned i myra, hende det ofte at ein fann klaka torv uti juni månad. Den klaka massen let det seg ikkje gjera å skjera med spade til torv. Den delen måtte kilast vekk til ein kom til det tinte torvet under. Torvet – godt torv – var så verdfullt at å kasta bort frose torv, var sløseri.

Det øvste formolda jordlaget med lyng og gras vert spent av. Før vart avspennet brukt som mittingmold og som strø under dyra i fjoset.

Foto: Hans Torgny Indrebø.

Matstell

Dei som la i veg for ein arbeidsdag i myra, visste at når det leid frampå dagen og tid for eit måltid mat, kunne dei sjå heimover. Då kom oftast ho mor sjølv med korga på armen med ein eller fleire av dei minste diltande ved sida av seg til hjelp. Dei eldste barna

var med som arbeidsfolk i myra. Barnearbeid? Det var det ingen som ymta noko om. Dei yngre var også med. Det var ikkje barnehage den gongen. Torunn Tunheim fortel at ho var med som liten jentunge og leika – spela seg som somme sa. Ho laga "blodkomler med dott i" av det svarte torvet, og dotten inni komla var myrull, fortel ho.

Husmora hadde stelt til det beste ho hadde i huset til dei som var i myra. Det var kokte egg, saup, vaflar, grovt brød med brunost eller prim, kald rabarbrasuppe, og elles godt med drikke.

Det hende at det vart drukke myrvatn. - Myrvatnet likna på noko midt mellom te og kaffi, og me drakk det. Det var for det første brunt av humuspartiklar, og for det andre var det svært surt, sa ein kar frå øvre Time. Og så vart det lagt til: - Det var aldri snakk om å vaska hendene før ein sette seg til å eta.

– Me turka hendene av på bukselåret eller brukte sekkabredda, før me opna tina eller lyfta av duken over matkorga.

Av og til hende det at det vart middag ute i lyngen. Eit lite bål til kaffikoking høyrde med til friluftsmåltidet. Og så kveikte dei gamle snadda før dei kvelvde seg på sida i lyngen for ein aldri så liten blund.

Dersom myra låg langt frå heimehusa, vart fylgjet utstyrt med mat frå morgonen av. Husmora sjølv var sjeldan eller aldri med i myrarbeidet.

Ikkje alle dagar var like blikkstille når ein var i myra for å spenna av eller seinare når ein var i gang

Under torvdagen på Undheim i 2009 trong ein ikkje ha ytt noko arbeid i torvbeen for å få brødskjeva og hardkokte egg frå husmor Solvår Fredriksen.

Foto: M. Grimstvedt, Jærmuseet.

med sjølve torvskjeringa, som oftast var ein gong i slutten av mai månad eller i byrjinga av juni. Dei tider me tenkjer på var helst kring 1950 og før det. Det fanst ikkje tre eller buskar ute i myra som livde når ein skulle eta. Det galdt om å koma seg opp på ein hol i utkanten. Der var bakken tørr, og så livde lyng og gras. Var det ein større stein der, var det storfint å setja seg bak han i livd for eit solid måltid.

Verre var det for dei som var oppe på bredda eller kanten under skjeringa til å lura seg vekk. Det hende då som nå at naturen går sin jamne gang for folk i arbeid. Kor skulle ein gjera av seg ute i det opne

landskapet? Det har alltid vore enkelt og greitt for karane. Det var å snu ryggen til. For jentene var det å stikka av og finna ei grov som det var trygt å gå nedi og skjula seg i. Imellom var det ei torvløe som ein kunne lura seg vekk i. Der var det så mykje torvmø at ein liten skvett ikkje laga lukt eingong.

Då folket kom heim om kvelden, var det å finna eit vaskefat og vaska ansiktet og hendene.

– Resten av kroppen fekk venta. Me lukta stort sett likt alle etter nokre dagar i myra, seier dei som var med.

Torvonna

Me ska te Sævreid på torvskjering, sa mellom anna di Mauland, Mossige og Tunheim i Time. Kor er Sævreid? kan en gjerne spørja. Før den nye vegen langs Undheimsånå eller kanskje rettast Storemyrsånå kom, gjekk han langs åsryggen oppe til høgre når ein kjører oppover mot Skjeret og Kartavoll frå Undheim. Dei som kjørte den gamle vegen før omlegginga, kan minnast torvløene som låg på begge sider av vegen oppe på høgdedraget, og den store myra som strekte seg vestetter. Det var Sævreid. Her var det folket skaffa seg energi. Det er nett her dei store vindturbinane skal reisast og skaffa oss vår tids moderne vindenergi.

Men attende til dei som la i veg for å skjera torv. Dei hadde med seg reiskapen i ei kjerre. Det var torvspade, risseljå og greip og kanskje både øks og sag. Når ein visste det kom til å verta lang veg mellom bredda, kanten på grova der torvet vart kasta opp og bort til tørkeplassen, vart det teke med både torvbrett og torvbåre.

Torvspaden var firkanta og flat, kring 20 centimeter brei og litt lengre – kanskje 25-30 centimeter lang. Risseljåen eller rissekniven var eit ljåliknande blad, nærmast ein diger kniv på bortimot 50 centimeter lengde. Rissekniven var festa til eit kraftig skaft. Kniven vart sett loddrett ned i torvbeen og dregen langsetter i tre til fem meters lengde. Det vart skore ei fær parallelt med grova ei spabredde frå kanten, slik at når han med spaden kom for å kasta opp høvelege torver kring 5-7 centimeter tjukke, var det berre å setja spaden nedi. Vel oppe på bredda vart torvene henta med torvgreip av kvinner, jenter og unge gutar og lagde utover i lyngen til tørking. Torvgreipa var to- eller treanga med spisse og kraftige, korte angar.

Torvbrettet var eit langt brett som torvene vart lagde på. Ein brukte ein øyk til å dra brettet over lyngen bort til tørkeholen. Når ein brukte torvbrett, hadde ein gjerne utstyrt seg med to brett, slik at det alltid var eitt som var på bredda. I kvar ende av torvbrettet var det spikra fast eit øyre – ein sliten hestesko. Skoklane vart festa med ein krok i hesteskoen. Slik slapp ein å snu brettet. Det var bare å beita ifrå og festa skoklane i andre enden. Det var gjerne ein gutunge eller ei jente som kjørde hesten med torvbrettet. Dersom kjørekaren var uheldig og velta brettet med torv, fekk han høyra det. Det hende

Risseljåen måtte ha kraftig skaft.

Foto: Hans Torgny Indrebø.

To torvspader og to torvgreip.

Foto: Hans Torgny Indrebø.

Både vaksne og barn var med å legga torv på torvbrettet. Undheim 21. juni 2009.

Foto: M. Grimstvedt, Jærmuseet.

ein gong at ein vel vaksen kar hadde ansvaret for hesten. Han homma bakover mot grovkanten. Då karen tykte han var passeleg nær, ropte han: Prr-rooo! til hesten og strama til taumane. Hesten lystra taumane og gjekk baklengs nedi grova. Slikt vert det løye av.

Trillebåre - torvbåre - var eit alternativ til brett.

Torvbåra var ei spesiell hjulbåre laga for å transportera torv.

Foto: Hans Torgny Indrebø.

I grova

Arbeidet i myra var tungt. Torvet var vasstrukke. Kanskje så mykje som 90 % av vekta til torvet som vart skore, var vatn. Han som sto i grova og kasta torv opp på bredda, kjende det nok i armane når det leid utpå dagen. Det var ikkje så gale dei første botnane, men når den tunge massen skulle kastast opp både ein meter og av og til nærmare to, vart det tunge tak. Ein botn var så djupt som lengda på spadebladet. I dei djupaste myrane vart det teke opptil 14 – 15 botnar, dvs spadjupner. Då såg ein ikkje dei som stod nedi grova - bare torvene som vart kasta opp.

Om det var det verste ein kunne koma ut for, veit eg ikkje, men dei store gamle og godt konserverte trerøtene og trestammene som låg gøymde nedi myra, kravde ofte mykje og seigt arbeid å få bukt med. Dei var vasstrukne og uhorveleg tunge. Men når dei hadde fått liggja på land ein sommar og fekk ein vinter på seg til å tørka og så vart kappa opp i passande lengder til omnen, vart det god ved.

Dess fleire som sto i grova og skar, dess fleire måtte det vera til å bera utover. Dei som kom i myra utan å ha brukt spade eller greip og fått trælar i nevane føreåt, var ille ute anten det var jenter eller gutar. Berre ein dag med torvbering utan trening var nok til å få store vassblører i handloven.

Torvarbeidet var tungt. Det var for seige og spreke karar som og fann tid til å ta del i idrett. Einar på Fastabyte hadde først stelt i fjoset til morgons, stått i grova heile dagen og teke kveldsstellet før han sykla til Bryne og sprang 1500 meter og vart krinsmeister på distansen.

Stembenk - vassbenk

Myrane var og er blaute. Ein skulle ikkje skjera mange botnane ned i myra før det kom sigande vatn. Når ein slik hadde skore seg ned, let ein det vera att

Det var tungt arbeid å stå nede i grova og kasta opp torva etter kvart som det blei høgare frå botnen opp på kanten. Der oppe stod mann og hest med torvbrettet, klare til å kjøra torvene til tørkeplassen.

Foto: M. Grimstvedt, Jærmuseet.

ein vegg med torv – ein stembenk eller vassbenk - som demde opp for vatnet som var på utsida. Når ein kom ein botn djupare, sette ein av ei spabreidd til, slik trappa ein av til ein var komen til botn. Då kunne grova verta temmeleg smal til slutt. Nå starta ein opp med forsiktig å ta av stembenken så mykje

som ein våga. Det hende at trykket utanfor vart for stort og stembenken ga etter, eller at vatnet kom opp frå botn. Tok ein ut torv så djupt at det var fare for at stembenken ikkje tolde trykket av vatnet på utsida og ville rasa over han som sto og skar torv på innsida, galdt det å fylgja godt med. Det var ikkje ufarleg å stå i grova. Ein har funne tresko i myra, noko som kan tala for at vatnet har kome litt brått på han som sto der nede.

- Det var alltid gildt å sjå når stembenken ga etter og vatnet fossa inn i grova.

Der myra var djup, galdt det å ta ut så mange botnar som råd. Ein kunne ikkje gå frå ei grov om kvelden og rekna med at ein kunne halda fram same plassen neste dag. Då måtte ein starta frå toppen på nytt. Det var derfor det var så viktig at ein ikkje gapa over for stort område, ikkje meir enn ein og ein halv meter breitt og kring tre til fem meter langt. Det var litt avhengig av kor djup myra var. Sjølv om det var stembenk, så ville det i løpet av natta ha sige inn fullt av myrvatn. Det gjekk å ausa vatn or grova, men det prøvde ein i det lengste å sleppa unna.

Stembenken ga seg

Handelslaget på Undheim hadde kjøpt seg torvbee. Dagen var på hell, folket i grova og dei på bredda var trøytte og ville helst heim. Då kom Sem - som var ein slags oppsynsmann for Handelslaget - og såg at det kunne tas ein botn til. Han ba om at ein kar passa stembenken medan Kristoffer tok siste botn. Kristoffer i grova meinte Sem ikkje turvte vera redd. Det skulle han ta seg av. Ikkje før hadde Sem kome seg unna, så hjelpte Kristoffer stembenken til å ramla. - Der ga stembenken seg! sa Kristoffer og spratt opp på kanten og kunne permittera flokken for dagen.

Torvmaskin

Det meste av torvarbeidet var likt anten ein skar ut torvet direkte or myra eller ein hadde ordna seg med maskin. Maskinar var vanlege under krigen til å laga torv i store mengder for sal. Då vart også avspennet kasta i maskinen. Det vart simpelt torv med liten brennverdi.

I Randaberg var det vanleg å bruka torvmaskin med hestevandring. Innleiinga til torvarbeidet var stort sett det same, men ein skar ikkje ut torvene direkte or been. Her var det ein mellomlekk. Torvet vart kasta opp or grova og kjørt opp i store haugar der det låg og tørka litt før torvmaskinen vart kjørt inntil. Torvmaskinen var gjerne ei oliventønne med hestevandring. Torvet vart kasta oppi tønna, og så vart det sett til vatn slik at det vart ein høveleg blaut masse som vart pressa ut i botn. Der var ei opning som var så brei som spaden til å bera ut torvet med, og like lang som spaden. Bladet på spaden var laga av tre. Når ein hadde vore og lagt frå seg ei torve, måtte ein passa på å stikka spaden nedi ein holk med vatn før ein tok ei ny. Dersom ein prøvde seg utan å bløyta spadebladet, ville ikkje torva sleppa når ein kom til tørkeplassen. Her nytta det ikkje med greip til å bera

ut torvet med. På slutten av "torvtida" vart det strekt ut straum i myra, og elektromotorar dreiv meir moderne eltemaskinar. Maskintorvet vart rekna for å ha større brennverdi enn det skorne torvet.

Det vart aldri brukt maskinar på Sævreid, men det vart skore mykje torv der for sal under siste krig.

Kristina Goa og syskena hennar, Håkon og Rakel Bø, i arbeid med torvmaskinen på Bø i Randaberg kring 1930.
Foto: Ukjend. P.E

Kjøp av torvbee

Ikkje alle gardar hadde torvmyr, og langt færre bruk hadde det. Dei som ikkje hadde myr sjølv, måtte kjøpa seg rett - torvrett - til å skjera torv i ei eller anna myr, anna brensel fanst ikkje på Jæren. Dei som kjøpte seg ein torvbee, kjøpte ein teig med myr som dei kunne skjera ut. Grunnen til torvbeen var det seljaren av myra som åtte. Ingen hadde lov til å ta ut siste rest av been ein kjøpte. Det skulle stå att ein del torv, litt avhengig av kva slag grunn det var under torvmyra. Mest torv skulle det vera att dersom det var fjell under og minst når undergrunnen var fin sand eller leire. Loven om vern mot jordøydelegging sette grenser for kor mykje torv som skulle stå att.

Ein kunne sjølvsagt kjøpa ferdig tørka torv, men det kosta pengar. Institusjonane Undheim Handelslag og Undheim Meieri kjøpte seg torvbear. Det var ikkje dei tilsette meierskene eller handelsbetjentane som skar og bar torv. Leigd hjelp var for dyr. Bonus av handelen på Handelslaget og tilbakebetaling frå Meieriet ville folk ha i eigen pengepung. Årsmøta eller generalforsamlingane gjorde vedtak om at torvskjering var ei oppgåve for medlemmane. Leverandørnummeret til Meieriet vart brukt. Leverandørane vart utskrivne til torvmyra etter tur. Dess meir mjølk eit bruk leverte, dess meir arbeid måtte eigaren yta i myra. Medlemsnummeret til den einskilde på Handelslaget vart brukt, og han vart utskriven til å ta arbeidet og få teke ut nok torv til oppvarming i butikken. Arbeidet rullerte mellom medlemmane frå eit år til eit anna den første tida fram til det kom straum med det private elektrisitetsverket på Undheim i 1929.

Når det galdt skulen, var det vanleg at det var krinsen som skaffa torv. Då var det foreldra til dei som hadde born i skulealder som måtte kjøra eitt eller fleire lass. Det hende nok at ein og annan ikkje

fekk levert sitt lass, og då måtte han betala prisen det kosta for å kjøpa eit lass av ein som hadde for sal. Teglverka på Åsland i Time, Hølland i Ogna og Opstad nytta alle i si tid torv til omnane for brenning av teglstein og murstein. Opstad tvangsarbeidshus (Åna fengsel) skar også ut torv frå myrane til bruket til brensel for fengselet og tilsette.

Kjøpet av ein torvrett vart tinglese. Då torvskjeringa var på hell, vart det ofte gjort avtalar mellom grunneigar og kjøparen av ein torvrett at det som måtte stå att å ta ut av ein bee vart sletta og kjøpt attende til bruket.

Reisa og røyka

Var det godt vêr etter at torvet var lagt ut til tørking, kunne det reisast etter fjorten dagar til tre veker. Å reisa torvet ville seia at to eller tre torver vart sette på høgkant og ei torve var lagt oppå som eit tak. Alltid vart torvene sette opp med den fuktigaste og blautaste sida ut. Slik hadde torvene på høgkant fått tak, og samstundes var reisverket så ope at vinden strauk gjennom, og slik tørkast torvene på begge sider. Torva oppå fekk også tørka seg på begge sider, men var meir utsett for væte. Når høyonna var ferdig og det lei ut i hundedagane, var det tid for setja torvet i røyk, dvs samla saman torvet frå mange reis. Først vart det sett opp eit lag torver på høgkant i ein sirkel kring ein meter i tverrmål. Oppå torvene på høgkant vart det lagde nye torver vassrett, men slik at dei hella svakt utover. For kvart lag med nye torver vart tverrmålet mindre og mindre, slik at når røyken nådde kring ein meter eller slik, låg det bare att ei torve som hatt på toppen. Forma på ein røyk og elles heile røyken var laga slik at han skulla fanga minst mogleg med vind og væte. Røykane kjenner me til frå måleri av mellom anna Kitty Kielland, Odd Dubland og fleire.

Torvet vart vanlegvis reist på plassen der det var lagt utover til tørk. Ikkje alle stader i myra var det like enkelt å koma fram med hest og slede eller kjerre når det skulle heim, difor passa ein på å få torvet i røyk på sikre tørrlende stader på land. Det vil seia at torvet vart sett i røyk der ein kunne koma til med hest og kjørereiskap. Av og til måtte det berast på trygg grunn. Torvet vart bore fram av store og små. Kvinnene bar torv i sekkabreidsle fram til han som sette torvet i røyk. Det var reine vitskapen.

Først låg torvet flatt til tørking. Her har dei reist torvet, dvs dei har sett opp to til tre torver på høgkant og ei torve over til tak.

Foto: M. Grimstvedt, Jærmuseet.

Torvrøyk på Myrebø hausten 2009. Legg merke med hellinga på torvene.

Foto: Hans Torgny Indrebø.

Det hende at myra var så blaut at torvet måtte berast på land, slik som hausten 2009. Her er Pål Undheim på veg over myra med ein sekk på ryggen.

Foto: Hans Torgny Indrebø.

Solvår Fredriksen får god hjelp med å fylla sekken.
Foto: Hans Torgny Indrebø.

Når torvet i røyken var skikkeleg tørt, sto det att å få det heim og i hus. Dei gamle jærhusa hadde ein skut eller to, ein i kvar ende av heimehuset. Andre hadde ordna seg med ein torvskut eller ein torvstae ute i løa.

Torvet vart kjørt heim i skitkjerrer, langkjerrer og høykjerrer med karmar - torvgrindar. På toppen av lasset låg det sekker fulle med torvmolar som var samla opp etter torver som hadde gått sund under reising, oppsetting i røyk og lessing. Eit anna ord for desse torvmolane var tydlingar. Det måtte alltid vera godt vêr under heimkjøringa. Torvet måtte ikkje verta blautt, men det betydde at det vart mykje støv og skit for dei som sto midt oppi arbeidet. Heime var det gjerne kårfolket saman med småungane som lødde torvet inn i torvskuten. Dei som hadde prøvd både å stå i grova og å kjøra heim tørt torv, meinte at fekk dei velja, så valde dei å stå i grova framfor å kjøra heim tørt torv med alt støvet som fylgde med i auge og nase.

Når torvet skulle heim, prøvde ein å koma så langt utpå med hest og kjerre som det let seg gjera. Helst heilt fram. Myravegane var ikkje steinsette. Det hende ein tok med seg gamle sekkefiller og anna gamalt graps heimafrå, heller og stein som ein la nedi der det var eit fén - ein la alt nedi på dei verste og blaute stadene for å koma fram. Det var ikkje gildt å leggja seg nedi med hest og reiskap.

Særleg viktig var det å få torvet inn på land før vinteren og frostnettene sette inn. Ein kunne ikkje lita på myra. Gras og lyng kunne isolera. Myra var lumsk. Det var ikkje sikkert at botn bar hest og kjerre. Når det minka på torvet i skuten heime vinterstid, var det å sala øykjen og finna fram slede og setja torvgrind på han. Tørt torv har ikkje store vekta.

Torvskuten vart av og til i minste laget. Det var bygt fleire torvløer på Sævreid. Dei låg på begge sider av vegen på god, opplendt grunn. Torvet som vart lagra der, låg tørt og godt, slik at når det tok slutt på det som var heime, kunne ein ta turen opp på høgda på Sævreid med hest og slede og ta heim godt brenntorv.

Torunn Tunheim syter for at torvet får plass i kjerra.

Foto: Hans Torgny Indrebø.

Tjelma

Eg kjenner ikkje til at torv vart tjelma på Sævreid. Å tjelma vil seia at ein sette opp fire staurar eller stokkar som danna kvart sitt hjørne i ein firkant. Til staurane var det festa eit lett tak som dekka firkanten. Taket vart heist opp, og under det vart torvet lagt som ein ikkje hadde plass til heime. Når torvet var på plass, vart taket senka nedpå og festa. Slik låg torvet trygt og tørt.

På vegen opp til Helland er det ein plass som i dag vert nemnt som Torkellsholen. På litt eldre kart står det Torvtjelmsholen. Det vil seia at her må det ha vore tjelma torv på ein hol i si tid - og det treng ikkje vera så lenge sidan. Høy og kornstakkar vart også tjelma. Det er kanskje ikkje så rart at folk som ikkje veit kva torv er og mindre kva det var å tjelma, greier å ta vare på eldre nemningar.

Ein vinter la det seg til med snø og fint sledeføre frå Undheim og oppover mot Sævreid, Myrebø og Bergene. Time kommune hadde fått stor bil med snøplog, eller var det vegskrape? Sjåfør og bil var på veg for å skufla unna snøen på den gamle vegen mellom Undheim og Skjeret. Då var ikkje gamleordførar Nils A. Undheim sein om å ringja ansvarleg for vegstellet.

- Vegen må ikkje skrapast for snø før folk har fått torvet til bygda, var beskjeden. Folk brukte hest og slede. Bare grusen er ikkje noko for sledemeiar.

Torvtida tok slutt, hest og slede tok slutt. I sta-

den vart det elektrisitet og olje til oppvarming og koking. I andre land er torv framleis energikjelda til oppvarming. I Irland er torv til vanleg i bruk og vert framstilt industrielt. Den norske ambassadøren i Irland, Nordsletten, fortel at den norske ambassaden i Dublin vert oppvarma med torv.

Historieforteljar

Me veit korleis vêrlaget vårt er nå. Men korleis var det her for 1000 år sidan eller 5000 og 8000 år tilbake i tid? Det har vore endringar i klimaet dei siste åra, ikkje bare her på Jæren. Det har vorte merkbart varmare, og me kallar det global oppvarming, dvs at heile kloten er vorten varmare. Skogane me finn restane av med svære trerøter og stammar nede i myrane fortel oss at det har vore anna vêrlag her ein gong, men korleis det såg ut med tre, planter og dyr, kan me bruka fantasien vår og tenkja oss. Men me har faktisk ei god hjelp til å finna det ut rett framføre føtene våre.

Ei myr legg på seg med kring fem centimeter på eitt hundreår, og det seier oss at i ei myr som er ein meter tjukk, vil det underste eldste laget vera kring 2000 år gamalt. Ei myr som er djupare enn ein meter, vil vera tilsvarande eldre. Ei myr med fem meter torvdjupn starta livet sitt for 10000 år sidan, rett og slett rett etter siste istid.

Prøvar frå dei ulike torvlaga fortel kva slag planter

Fyring med torv

Eg må få lov til å ta med ei historie frå den tida då det var fyring med torv på Bø i Randaberg.

Det var godt og varmt i stova. Omnen i stovekråa innom kjøkkendøra ga frå seg lun varme av torvet. Det var kaldt ute. Vintervêr. Husbonden var komen inn etter fjosstellet, hadde fått i seg kveldsmaten og sett seg til med bladet (avisa). Kona kom inn, la ei torve i omnen, raska saman noko papir som låg på bordet, og det gjekk same vegen som torvet. Feiebrettet og feiekosten var alltid for handa. Kona sopa opp litt torvmø som datt ned på golvet, opna omnsdøra og kasta det inni. Så gjekk ho ut i kjøkken. Katten låg og mol mellom omnen og torvkassen. Der var det godt å liggja. Så gjekk det ei lita tid. Det kom eit stort smell. Smellet var ganske stort, og krafta av eksplosjonen førde til at stoveglasa singla og omnsdørene fall av hengslene. Omnen datt frå kvarandre og vart liggjande på stovegolvet.

Det var i dei dagar ein bonde kunne kjøpa seg fenghetter og dynamitt etter å ha fått attest frå lensmannen. Slik var det også denne gongen. Mannen i huset hadde kjøpt seg fenghetter som låg i papiret kona trudde var litt papirrestar. Dagen etter måtte han til lensmannen for ny attest og kjøpa seg nye stoveglas. Blomane i glaskarmen tok same vegen som stoveglasa. Kona kunne samla blomar og krukker opp ute i hagen. Ny omn kom på plass. Som du skjønar, tok ikkje huset fyr. Du får gjera som du vil om du vil tru denne historia, men sann er ho.

som voks på og omkring myra til ei kvar tid. Det er først og femst pollen frå dei plantene ein leitar etter når ein skal avgjera kor gammal ei myr er. Kvart planteslag har sitt særmerkte pollenkorn. Dei plantene som voks der, fortel om det var planter som var glade i varme. Andre kan fortelja om ei tid då klimaet var kaldare, for då døydde dei varmekjære ut og andre som tolde eit kaldare klima, tok over.

Andre gode forteljarar er dei gamle trerøtene og stammane som me finn i dei ulike laga av myra. Årringane kan fortelja oss om gode og varme somrar og om tider med kaldare vêrlag. I kalde år vert årringen smal medan han i år med jamt god temperatur, vert breiare.

Grunnen til at trerøter, planter og dyr kan halda seg nede i myra utan å rotna og verta borte, er at det nede i myra er lite oksygen i vatnet, og vatnet er i tillegg så surt at bakteriar og sopp ikkje får driva med nedbrytingsarbeidet sitt slik som oppe på overflata. Ting rotnar ikkje nedi myra. Det er difor me kan finna trerøter av eik og furu i myrane i Undheimskrinsen og elles i myrane på Jæren. Av og til finn ein furukongler og hasselnøter som er mange tusen år gamle.

Planteliv

Me meiner vel alle me kjenner att ei torvmyr. Det er ei flate med røsslyng som flammar opp i fiolett om hausten og er matfatet framom andre for biene på jakt etter nektar. Artsrikdommen av dyr eller planter er kanskje ikkje stor i myra. Dersom det er eit vassig ned mot myra, veks det rome som gjerne fortel at det er ei mager myr med lite næring. Ute mellom tuvene finst det klokkelyng. Dei vakre, rosenraude klokkene lagar ikkje særleg mykje sjau der dei heng og nikkar til deg. Her og der veks det mikkelsbær. Alltid kjekt å henta ein neve med mikkelsbær, sjølv om dei ikkje er så særleg smakfulle. Me henta krekling i fiskebolleboksar og gjekk heim og fekk sukker og fløyte på dei. Då smaka det ganske godt, men krekling rett frå tuva og i munnen var ikkje den store opplevinga. Det blåsvarte bæret er tørt og kanskje litt bittert på smak. Planta som eg sjølv set størst pris på, er pors. Pors luktar så godt, tenk å klippa med seg nokre greiner til vasen heime slik at den gode lukta kan spreia seg i huset. Den blaute myra kjennest best med bjørnemosen. Og så må ikkje myrulla eller myrfibelen gløymast.

Torvlaget som vart spent av, hamna i grova som ein del av massen som skulle stå att når ein var ferdig med been. Der voks det ofte opp ulike gras. Der uti sto myrulla og vippa med dei kvite toppane sine midt i hardaste torvonna. Den kvite "åkeren" sto der så uskuldskvit. Myrulla såg eg ikkje at nokon sette pris på nokon gong.

I mi myr voks det bjørnebær. Kvar haust då me skulle til konfirmasjon i slutten av september - då epla helst skulle vera oppe or jorda - , gjekk me tvers over myra på myravegen, og der var det eit kjerr med "bjynnsbær". Dei svarte bæra var så gode at me

brydde oss ikkje om dei kvasse piggane som stakk og skrapa hendene til blods. Me kom likevel alltid fram til middagsmaten i festhuset i god tid.

Fugleliv

Gjekk du roleg og stille til myra om våren og sette deg i utkanten, fekk du oppleva at det var mange slag liv - av fuglar mest, men også ein og annan hare, og var du spesielt heldig, såg du ein rev som luska og leita etter eit reir eller lurte seg innpå ei haresteik. I våre dagar kan ein sjå rådyr spretta over myrviddene. Dei har funne ly i dei mange leplantingane og skogkrullane som har vakse fram dei siste 50-60 åra.

Måkane bygde reir i trerøtene som sto att i myra, forargeleg for oss gutane som gjerne skulle hatt tak i egga, men myra var blaut og sette eit naturleg stengsle for røveriet. Dersom me var skikkeleg observante, fekk me sjå kor stokkandparet hadde lagt egga sine. Når me gjekk med torvene ut på tørkeholen, med sveitten silande i fjeset, høyrde me lerka. Ein og annan raudstilken bygde og reir i myra. Spoven var ein artig fugl. Når han hadde reir eller kyllingar, skulle han alltid lura oss ungane til å tru at han var skada. Han slepa den eine vengen etter seg. Me trudde sjølvsagt at me skulle få tak i han. Me lukkast ikkje ein gong. Ikkje eingong måkane fekk me tak i, sjølv om naboen, han Ingebret, sa: Bare legg litt salt på halen hans, du, så vert han så roleg at du kan ta han.

Lyngsviing

Kvar vår var det ei ri med god terre. Lyngen som ikkje vart riven til brensel under bakstehella, vart svidd av saman med gamalt gras. Det hende at slike lyng- og grasbrannar kom ut av kontroll og sette avgarde. Fylgja vart at meir enn eitt skogplantefelt har fått same endelikt som lyngen. Myra kunne gje dyra litt mat, derfor vart lyngen svidd for å skaffa fram nye og friske skot og gje plass for gras. Då myrane ikkje lenger vart beita, grodde dei til med bjørk, raun og selje.

Jærmuseet driv lyngsviing på Kvia i 2004 for å få betre kvalitet på lyngen. Her var både pensjonistar og ungdomskuleelevar med for å halda kontroll på elden.

Foto: Jærmuseet.

Vassreservoar

Kvar gong det kjem samanhengande nedbør, fløymer bekker og åer opp og breier seg utover landskapet, og kort tid seinare har dei gått tilbake med litt sildrande vatn etter djupålen. Før kanalar vart gravne gjennom myra for å tørka henne ut, var det myra som sto for regulering av vasstanden i å og bekk. Det var meir jamt med vatn i lengre tid. Det ga blega og laks større sjanse og betre tid til å koma opp til gyteplassane.

Myra har i tillegg vore eit filter som har reinska ureina nedbør. Vatnet som kjem ut i bekker og åer er reint etter å ha vorte filtrert gjennom myra.

Myrane med torvet burde verta rekna til energikjeldene som ikkje kan nyast oppatt. Torvet burde reknast til same energigruppa som olje og kol. Grunnen er at det tek så ufatteleg lang tid å byggja opp ei myr.

"Nord Foravegen bar det – over desse forane som før var myrslåttar, der flaumane herja, men som no er utgravne og snart den beste tjukkengja," fortel Arne Garborg om endringane som er i ferd med å forandra biletet av landskapet, og så legg han til: *"Eg ruslar nordgjennom Marka vår, framom grovene der me tok mittingmold, nord den gamle torvvegen over Vest-Dinsa".* Dinsa var ei myr. *"Dinsa - er ikkje so blaut som ho var i mi gjetartid; ei veite er graven opp midt nedgjennom Dinsa, so no ligg ho so turr at dei kunne dyrka ho." 01.06.1905*

Etter ein tur nede i Nærbø fortel Arne Garborg at her er det og snunad: *"Stor framgang der au; Størsteparten av Torlandsmyrå er no åker og eng i beste stand." 17.05.1907*

Ord og uttrykk

Bee: Område eller teig ein hadde kjøpt for å skjera ut brenntorv frå, vart kalla ein bee.

Botn: Ein botn var det same som ei spadjupn. I dei djupaste myrane kunne ein ta ut opp til 15 botnar, dvs spadjupner.

Bredd: Bredd eller ´bredda´ var den tørre kanten oppe på been der det ferdig skorne torvet vart kasta opp for å verta bore ut til tørk.

Grov: Når det vart skore torv or myra, vart det eit hol. Dette holet var grova. Ofte var grova fylt med vatn. Når det skulle gjerast klart ein ny teig for torvskjering, vart det øvste formolda laget lempa uti grova.

Hestevandring: Ein hest gjekk i ein sirkel. Krafta frå hesten vart overført til torvmaskinen med ei stong. Hestevandring vart også brukt til å driva andre slags maskinar.

Klakje: til dømes frosen myr.

Reisa torv: Oppreising eller reisa opp att. Torv som var skore ut or grova, var blautt og måtte leggjast ut på been til tørking. Etter fjorten dagar om lag var det tid for reising, dvs oppreising av torvet som var lagt utover til tørk. To torver vart sette opp mot kvarandre og ei lagt som tak på toppen. Det var alltid den

råskne sida som vende ut og opp for tørk.

Røyk: Ein røyk skreiv Ivar Aasen var ein liten hop eller stabel og synte til at det vart brukt om torv. Torv som vart jamt godt tørt, vart sett opp i røyk, dvs torver vart sette på høgkant i ein sirkel i botn. Over vart torver lagde med ei svak helling utover, slik at nedbør kunne renna av raskast råd. Ein røyk var ein røyk

Kokte egg og saup måtte i korga når folka skulle ha mat i torvonna. Derfor fekk publikum også smaka denne kosten på Torvdagen i Time 2009.

Foto: M. Grimstvedt, Jærmuseet.

og hadde ikkje noko anna namn.

Saup eller kinnemjølk: Saup er væska som vert att når smøret har skilt seg under kinning.

Dersom ein vil koka opp saup, har innhaldet lett for å brusa opp og koka over. Av den grunn heiter det om ein kar som engasjerer seg raskt og sterkt: Han fyk opp som ei saupgryte.

Skjera torv: Ein brukte ein flat spade som var kring tjue centimeter brei og 25-30 centimeter lang til å spa ut ei og ei torve på 5 – 7 centimeters tjukkleik. Spaden var kvass i enden, og slik vart torv skore ut or myra.

Spenna av: Å spenna av vil seia å spa av det øvste formolda laget på plassen – been - der ein ville skjera torv. Det formolda laget hadde særs liten brennverdi.

Torv: Torv er gamalt ikkje omdanna organisk materiale, gras, lauv, mose m.m. Planterestane vart liggjande i vatn med svært liten tilgang på oksygen – eit anaerobt, surt miljø med pH på 5 - 4.

Torvbenken: Den delen av been som skulle skjerast ut på ein dag. Det var her ein brukte risseljåen.

Torv og myrar er kjent over heile verda. Me og svenskane kallar det torv, engelskmannen peat, tyskaren Torf, franskmannen tourbe, dansken tørv.

Torvareal: Torvarealet i verda vert rekna til å vera kring 3 millionar kvadratkilometer.

Torvbrett: Torvbrett var eit brett kring 60 centimeter breitt og kring halvannan meter langt.
Torvbrettet vart nytta til å kjøra torv frå bredda av

Mykje folk besøkte Torvdagen i Time 2009 på garden til Vidar og Else Undheim.

Foto: M. Grimstvedt, Jærmuseet.

grova til tørkeplassen på been. Hest vart brukt til å dra brettet over lyngen. I kvar ende av brettet var det spikra fast eit øyre – ofte ein utsliten hestesko. Skoklane vart festa i øyret. Framme på tørkeplassen vart skoklane festa i andre enden og brettet drege attende til bredda.

Torvbåre: Torvbåre var ei spesiell hjulbåre til å frakta ut det ferdig skorne torvet frå bredda.

Torvløe: Ikkje alle hadde torvskut bygd til heimehuset, eller hadde plass til torvet i skuten heime. Då vart det sett opp ei enkel løe ute i myra på ein hol. Løa hadde tett tak, men veggene var gisne. Slik låg torvet tørt og luftig til det vart bruk for å henta heim eit lass på sledeføre om vinteren.

Torvrett: Ein som sjølv ikkje hadde torv på bruket, kjøpte seg rett til å skjera torv på annan manns grunn.

Torvskut: Jærhuset er kjent med skut i den eine eller begge endane. Desse skutane var lagerplass for torvet. I ein del høve var det tilgang til torvskuten rett frå kjøkken, slik at husmor ikkje trong å gå utandørs for å henta inn brenne.

Torvstae: Ikkje alle hadde skut til heimehuset. Dei ordna seg med ein plass i løa og laga seg ein torvstae i løa.

Torvstakk: Ein torvstakk var torv samla saman frå mange røykar. Stakk og stae vert gjerne brukte om kvarandre.

Kjelder

Informantar: 7. mai 2009 var Karl Ånestad f. 1916, Arne N. Unheim f. 1930 , Ola R. Undheim f. 1929, Torbjørn Tunheim f.1935, Torunn Tunheim f. 1936, Torstein Tunheim f. 1930 og Hans Torgny Indrebø f. 1939 samla i heimen til Torunn og Torbjørn Tunheim på Tunheim for å samtala om arbeidet i myra.

Litteratur

Berge, Malli. 1953. Den gamle arbeidsdagen. *Årbok for Jæren og Dalane 1952/1953.*

Eldstad, Åsa. 2004. *Kystkvinner i Norge.*

Garborg, Arne. 1892. *Fred.*

Garborg, Arne. *Knudaheibrev.*

Kvinen, Sigmund. 2004. Torvspading på Haugalandet *Ætt og heim.*

Mauland, Tønnes. 1967. Slik hadde me det. *Bygd og by i Rogaland.*

Jaavik, I.J., M. Wold og O. Øksnevad. 1978. *Motland skule,* hefte Nærbøparken.

Jærbladet: Syner til artiklar 17. og 19. juni 2009.

Kielland, Alexander L. 1880. *Torvmyr. Nye novelletter.*

Sundsbø, Alf. 1981. *Gutedagar.*

Skadsheim, Martin, Turre og våte sumrar. *Bygd og by i Rogaland*

Time, Einar K: *Mittingmold og torvskurd.*

Wikipedia : Norsk, engelsk og fransk utgåve.

Aasen, Ivar.1918. *Norsk Ordbog med dansk forklaring.* Fjerde uforandrede Udgave. Ugiven af Vestmannalaget.